

### Saksgang

| Utval           | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet |             |          |

### Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2019 for Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til vedtak

Det vert ikkje lagt opp til gjennomføring av forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2019 for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

### Samandrag

Etter den nye kommunelova, som no gjeld i sin heilskap, har rekneskapsrevisor fått ansvar for å sjå etter om fylkeskommunen si økonomiforvaltning går føre seg i samsvar med reglar og vedtak, og rapportere om dette til kontrollutvalet.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla  
Seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Lovgjevar har i den nye kommunelova formalisert forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i kommunar og fylkeskommunar. Det er rekneskapsrevisor som skal gjennomføre denne kontrollen, og den skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse når det gjeld risiko- og vesentlegvurderinga jf. Kommunelova § 24-9.

Revisor skal seinast 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til fylkesrådmannen, om resultatet av kontrollen. Dersom det i kontrollen vert avdekkja forhold som fylkesrådmannen må rette opp, vert dette lagt fram for fylkestinget, som har vedtakskompetanse til å pålegge fylkesrådmannen oppgåver i ein slik samanheng.

Vurderingar og verknader

Rekneskapsrevisor skal sjå etter om fylkeskommunen si økonomiforvaltning i hovudsak går føre seg i samsvar med reglar og vedtak.

Revisor skal innan 30. juni levere ein uttale til kontrollutvalet, med kopi til fylkesrådmannen, om resultatet av kontrollen.

Det står i lovteksten at revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, og at denne skal leggast fram for kontrollutvalet. Revisor skal innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det ligg føre brot på lover, forskrifter eller vedtak, der brotet er vesentleg i forhold til økonomiforvaltninga.

### **Årsrekneskapen for 2019**

Fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane er fra 01.01.2020 slått saman til Vestland fylkeskommune. Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga er ein reiskap for å kunne gjere forbetringer i økonomiforvaltninga for den enkelte kommune/fylkeskommune. Forenkla etterlevingskontroll for desse to fylkeskommunane, som ikkje eksisterer lenger, vil dermed ha avgrensa effekt. Sekretariatet vurderer derfor å tilrå at kontrollutvalet ikkje ber om gjennomføring av denne kontrollen for dei to nemnde fylkeskommunane for rekneskapen for 2019.

### **Årsrekneskapen for 2020**

Slik sekretariatet ser det vil det vera naturleg at risikovurderinga for rekneskapsåret 2020 vert lagt fram sammen med/som ein del av revisjonsplanen for 2020 i møte i september i år.

Vidare ser sekretariatet det slik at det vil vera føremålstenleg at den skriftlege uttalen for rekneskapsåret 2020 vert lagt fram saman/som ein del av revisjonsrapporten som vert lagt fram i mai-møtet neste år.

Konklusjon

Sekretariatet vil på bakgrunn av ovanståande rá kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune om ikkje å legge opp til gjennomføring av forenkla etterlevingskontroll 2019 for Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.